Fylkesmannen i Vestland

Sted:
Bergen

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/1998

Dato:
17. desember 2020

Dykkar ref.:

Ragn Sells AS avd. Bergen
Postboks 453
1471 LØRENSKOG

Sakshandsamar::
Astrid Holte

Rapport frå inspeksjon ved Ragn Sells AS avd. Bergen

Kontrollnummer: 2020.123.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Andrè Skoge
Lene Sudmann
Morten Johansen

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Kristin Espeset
Astrid Holte

Frå Bergen Brannvesen
Bjørnar Drøsdal
Vibeke Gunstensen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Ragn Sells AS avd. Bergen den 13. oktober 2020. Rapporten er endra på nokre punkt etter kommentar frå verksemda på første rapport. Rapporten er no endeleg.

Fylkesmannen i Vestland og Bergen brannvesen avdekka 2 avvik og ga 4 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Internkontrollen har manglar
- Verksemda følgjer ikkje alle krava i løyvet

Merknad:

- Verksemda bør vurdere tiltak ved omemballering av oljehaldig avfall
- Opplæring i brannfaren og påfølgande miljørisiko ved handtering av litiumbatteri bør dokumenterast betre
- Verksemda bør vurdere tiltak ved skilting av farleg stoff
- Verksemda må sørge for å rette opp og forebygge manglar som kjem fram i rapport for kvalifisert kontroll av sprinklaranlegg.

Avvik er nærare omtalt frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter denne inspeksjonen er nærare omtalt på side 5. Avslutning av førre tilsyn hausten 2019 er omtalt på side 9.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Sissel Storebø	Astrid Holte
seksjonsleiar	senioringeniør

Kopi til: Bergen kommune
Bergen brannvesen
Næringslivets sikkerhetsorganisasjon

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Ragn Sells AS avd. Bergen	
Organisasjonsnr.: 974737604	**Eigd av:** 952187627
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: Ragn Sells AS – Avfallsorteringsanlegg, Rådalen	**Anleggsnr.:** 4601.0509.03
Kommune: Bergen	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: avfall – mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 12.09.2017	**Sist endra:** 28.08.2020

Kontrollert eining

Namn: Ragn Sells AS – Behandling av EE-avfall, Rådalen	**Anleggsnr.:** 4601.0529.02
Kommune: Bergen	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Gjenvinning av metall- og EE-avfall	
Løyve gitt: 12.09.2017	**Sist endra:** 28.08.2020

Kontrollert eining

Namn: Ragn Sells AS avd Bergen – Kasserte køyretøy	**Anleggsnr.:** 4601.0529.04
Kommune: Bergen	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: kasserte kjøretøy	
Løyve gitt: 12.09.2017	**Sist endra:** 28.08.2020

Kontrollert eining

Namn: Ragn Sells AS Rådalen – Mottak og mellomlager av farlig avfall	**Anleggsnr.:** 4601.0509.02
Kommune: Bergen	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall – mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 12.09.2017	**Sist endra:** 28.08.2020

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadane av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med førebyggande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadane om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48, brann- og eksplosjonsvernlova § 13 og forskrift om farleg stoff § 23.

Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen
- Gjennomgang av tilbakemelding på alvorlege avvik gitt på Fylkesmannens tilsyn ved anlegget i 2019

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet, miljøstatusen eller brannførebyggande arbeid i verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart avdekka under synfaringa er også omtalt i rapporten.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Ragn Sells AS avd. Bergen pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen og Bergen brannvesen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Ragn Sells AS avd. Bergen innan **1. mars 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Vi ber også om tilbakemelding på oppfølging av merknadene. Likelydande tilbakemelding skal sendast til både Fylkesmannen i Vestland og Bergen brannvesen. Kvar etat vil etter dette følgje opp avvik etter eige regelverk.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Astrid Holte og Bergen brannvesen (bergen.brannvesen@bergen.kommune.no) v/Bjørnar Drøsdal.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 28. september 2020. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Ragn Sells AS avd. Bergen betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen har manglar

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta

- § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering
- § 5 andre ledd punkt 7 om rutinar

Kommentar til regelverket:
Risikovurdering– § 5 andre ledd punkt 6
Verksemda skal kartlegge farer og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Verksemder som kan påverke kvarande eller ha ein samla, negativ verknad på områda rundt verksemdene, må vurdere behov for samordning av internkontroll som del av risikovurderinga etter § 5 andre ledd punkt 6.

Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7
Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte og vere del av internkontrollen. Rutiner skal dokumenterast skriftleg og skal sikre at verksemda følgjer krav i miljø- og brannregelverket.

Avviket er basert på følgande observasjonar
Risikovurdering– § 5 andre ledd punkt 6
Verksemda sin risikovurdering var mangelfull når det gjeld brann og miljørisiko ved brann. Dette er basert på følgjande observasjonar:

- **Litiumbatteri:** Kartlegging av fare og problem og vurdering av risiko ved handtering av litiumbatteri var ikkje særskilt vurdert i dei skriftlege risikovurderingane. I RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg er litiumbatteri vurdert som avfall med høg brannrisiko, både som sortert EE-fraksjon og som usortert avfall, og risikovurderinga må derfor omfatte vurdering av særskilte forhold ved handtering av denne fraksjonen. Verksemda hadde merksemd på risikoen i det daglege arbeidet, men mangla dokumentasjon på dette. Avfallsanlegg må legge oppdatert kunnskap til grunn i sitt risikoarbeid. RISE-rapport omtaler oppdatert kunnskap og god praksis for å redusere brannrisiko ved avfallsanlegg.
- **Brannsikker lagring:** Risikovurderinga av brannsikker lagring av avfall hadde manglar. RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg samanstiller den mest oppdaterte kunnskapen om brannar i avfallsanlegg, og tilrådingane kan reknast som beste praksis. Rapporten har anbefalingar på ulike tiltak og begrensninger (m.a. avfallsmengde, lagringsareal og lagringshøgd) som kan bidra til å redusere risiko og kva effekt tiltaka har. Avfallsanlegg må legge oppdatert kunnskap til grunn i sitt risikoarbeid. Avfallsanlegget hadde i praksis redusert lagra mengd avfall på anlegget mykje sidan sist tilsyn, og slik redusert brann- og påfølgande miljørisiko.
- **Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS)– storbrann datert 02.10.2020**. Vurderingane i rapporten har manglar, mellom anna:

- Som del av vurdering av samla brannrisiko har verksemda dokumentert vurdering av risiko for storbrann i eige dokument. I denne er vurdering av risiko for forureina sløkkevatn i Pålamyrsbekken, Melkevika og Fanafjorden er uklare. Konsekvensane i ein liten bekk som Pålamyrsbekken vil vere veldig ulike konsekvensane i Fanafjorden, men dei er likevel vurdert samla. Fanafjorden og Melkevika er brukt om kvarandre, men også her vil konsekvensane vere ulike. Når konsekvensane i resipientane er så ulike, kan dette få følgjer for risikoen, og hendingane må vurderast separat. Det bør også gå fram kva mengdar sløkkevatn og forureining ein vurderer som sannsynleg, og konsekvensar av dette på resipientane. Risiko ved at sløkkevatn frå ei verksemd kan renne ned mot naboverksemda var ikkje vurdert.
- Det er ikkje samsvar mellom avfallstyper med storbrannpotensiale og avfallstyper som er vurdert med høg brannfare i RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg, utan at dette er forklart.
- Delar av verksemda er lokalisert oppå eit deponi, men Bergen kommune som driftsansvarleg, er ikkje nemd som verksemd med høg sannsynlegheit for eksponering i sone 1 (innanfor ein radius på 200 meter). Det går ikkje fram korleis fare for spreiing av brann til dei næraste bygga er vurdert, eller om det er vurdert om verksemdene i nabobygga har risiko for brann som kan spreie seg til Ragn Sells. Det går ikkje fram om verksemdene i dei næraste bygga har vore involvert i vurderingane, eller om det er vurdert behov for samordning av internkontroll med desse. Fleire naboverksemder mangla på telefonlista som ligg ved varslingsplanen i beredskapsplanen.
- Verksemda kunne ikkje gjere greie for vurderingane som var gjort i rapporten når det gjeld sannsynlegheit for antenning, spreiing, eksponeringspotensial og konklusjon, og kva risiko som utløser tiltak eller vurdering av tiltak.

Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7
Det gjekk ikkje fram av skriftlege rutinar at verksemda skulle ta særskilte omsyn ved handtering av litiumbatteri. Verksemda hadde etablert slike rutinar i praksis, men desse var ikkje dokumentert i dei skriftlege rutinane.

I RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg er litiumbatteri vurdert som avfall med høg brannrisiko, både som sortert EE-fraksjon og som usortert avfall. Anlegg som har slikt avfall skal ha beredskapsrutinar for branntilløp i litiumbatteri.

Avvik 2
Verksemda følgjer ikkje alle krava i løyvet

Avvik frå:
- Løyve sist endra 28. august 2020
  - punkt 3.9 om farleg avfall
  - punkt 13. 4 om utsleppskontroll
- Avfallsforskrifta kap. 11
  - § 11-5 om forsvarleg oppbevaring
  - vedlegg 4 punkt 1c) om krav til miljørisikovurdering ved lagring av farleg avfall
  - vedlegg 4 punkt 1e) om samlagring
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering

Kommentar til regelverket:
Løyve punkt 3.9 - farleg avfall
For lagring av farleg avfall er det vist til krava i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall og vedlegg 4 til dette kapittelet i tillegg til krava i løyvet.

Løyve punkt 13.4 – program for utslippskontroll
Verksemda skal ha eit program for utslippskontroll som del av internkontrollen.

Avfallsforskrifta kap. 11 - § 11-5 om forsvarleg oppbevaring
Det er krav til lagringsplassen for farleg avfall, mellom anna krav til orden og oversikt over avfallet, plassering med nødvendig avstand og tydeleg merking.

Avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 4 punkt 1c) - miljørisikovurdering ved lagring av farleg avfall
All lagring av farleg avfall skal vere basert på vurdering av miljørisiko ved lagringa i tråd med krav i internkontrollforskrifta.

Avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 4 punkt 1e) - samlagring
Ulike typar farleg avfall som ved kontakt kan gi fare for brann/eksplosjon og/eller danne farlege stoff skal lagrast med god avstand.

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering
Verksemda skal kartlegge farer og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
Program for utslippskontroll
Verksemda har ikkje eit skriftleg dokumentert program for utsleppskontroll. Dette avviket vart gitt etter tilsyn hausten 2019, men er ikkje retta.

Merking
Fleire lageområde for farleg avfall mangla tydeleg merking. Det gjaldt mellom anna gamal container utanfor lagerhall for farleg avfall (for mellom anna peroksid, cyanid og kvikksølv) og container utanfor sorteringshall. Fleire containarar på området som vart brukt til lager for anna avfall eller produkt var likevel merka med at dei inneheldt farleg avfall. God merking er viktig dersom det oppstår brann.

Orden, oversikt og avstand
Avfallet inne i container utanfor sorteringshall var ikkje lagra med orden og oversikt. I lagerhall for farleg avfall var det merka opp felt for korleis avfallet skulle lagrast, men avfallet var ikkje lagra i tråd med oppmerking. Verksemda sette i gang tiltak under tilsynet for lagring i tråd med oppmerking. Orden, oversikt og nødvendig avstand reduserer brannfaren.

Risikovurdering og samlagring

Verksemda hadde mangelfull vurdering av risiko for brann eller miljø ved lagring av avfallstypane som vart vurdert som farlegast. Avfallstypar som peroksid, cyanid og kvikksølv vart lagra i ein gamal utrangert container utanfor lagerhallen. Avfallet var plassert utanfor hallen for å redusere brannfare og påfølgande miljørisiko, men det var ikkje vurdert om det var tilstrekkeleg avstand mellom dei ulike typane farleg avfall, eller om containaren var i god nok stand til dette til føremålet.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknad under inspeksjonen:

Merknad 1
Verksemda bør vurdere tiltak ved omemballering av oljehaldig avfall

Kommentarar:
Avfall vart omemballert frå mindre einingar til IBC i lagerhallen. Søl og spill vart samla opp på ein presenning. Lagerhallen har ikkje avløp, men det bør likevel leggast til rette for at søl og spill vert redusert mest mogleg.

Merknad 2
Opplæring i brannfaren og påfølgande miljørisiko ved handtering av litiumbatteri bør dokumenterast betre

Kommentarar:
Verksemda bør sørge for betre dokumentasjon på opplæring i brannfaren og påfølgande miljørisiko ved handtering av litiumbatteri. Verksemda hadde gjennomført opplæringstiltak og hadde dokumentasjon på annan opplæring, men det gjekk ikkje fram at det var gitt opplæring om litiumbatteri. Verksemda har i kommentar til opprinneleg tilsynsrapport opplyst at brannsikkerheit er del av opplæringsplanen for tilsette, og at fare ved batteri vert gjennomgått her. Det er sendt dokumentasjon på deltaking og innhald i opplæringa.

Avfallsanlegg må legge oppdatert kunnskap til grunn i sitt kompetansearbeid. I RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg er litiumbatteri vurdert som avfall med høg brannrisiko, både som sortert EE-fraksjon og som usortert avfall. Rapporten omtaler oppdatert kunnskap og god praksis for å redusere brannrisiko ved avfallsanlegg.

I løyve punkt 2.6 er det sett særskilt krav til opplæring og oppdatert kompetanse om regelverk og handtering for alle medarbeidarar som skal handtere farleg avfall og EE-avfall, og plan for kompetanseutvikling. Plan for kompetanseutvikling skal omfatte alle som handterer farleg avfall og EE-avfall i verksemda, både når avfallet vert levert som sortert og som usortert avfall.

Merknad 3
Verksemda bør vurdere tiltak ved skilting av farleg stoff

Kommentarar:

Fleire skilt er slitt og bør vurderast å bytast ut.

Verksemda bør vurdere meir egna plassering av skilt som varslar om gass under trykk tilhøyrande sveisebrennar på verkstad. Når porten er open så er ikkje skiltet synleg. Viser til arbeidsplassforskrifta for utforming av skilt.

Merknad 4
Verksemda må sørge for å rette opp og forebygge manglar som kjem fram i rapport for kvalifisert kontroll av sprinklaranlegg.

Kommentarar:
I siste rapport frå kvalifisert kontroll av sprinklaranlegg (2019) som blei tilsendt etter opphaveleg tilsynsrapport, så kjem det fram at det er avdekka manglar (avvik) ved anlegget. Verksemda sin oppfølging av manglane er ikkje undersøkt i tilsynet. Verksemda må sørge for at dette blir følgt opp i tråd med sine rutinar for å avdekke, rette opp, og førebygge manglar ved bygningsdelar, installasjonar og utstyr som skal oppdage brann eller avgrense konsekvensane av brann. Viser til forskrift om brannforebygging § 9 b.

8. Andre tilhøve

Industrivern
Verksemda har ikkje etablert industrivern, men arbeider med å få dette på plass. Næringslivets sikkerhetsorganisasjon (NSO) fører tilsyn med industri som skal ha industrivern. Kopi av tilsynsrapporten vert derfor sendt til NSO som vil vurdere oppfølging av industrivernet.

Avsluttar tilsyn gjennomført hausten 2019
Verksemda sendte brev 15. juli 2020 med tilbakemelding om retting av avvik etter revisjon gjennomført hausten 2019.

Avvik 1 gjeld internkontrollen. I tilbakemeldinga er det orientert om endra mal og rutinar for risikovurdering, og at det er tilsett HMSK rådgjevar for å styrke kvaliteten på arbeidet. Det er og informert om nytt avvikssystem, og at det er etablert rutine for å samsvarsvurdere om verksemda driv i tråd med krav i løyvet, og at ev. brot bli følgt opp med handlingsplanar. Det er vidare gjort tiltak for å betre dialog med tilsette.

Avvik 2 gjeld krav i løyvet. Verksemda har opplyst at farleg avfall er flytta slik at plasseringa er i tråd med kart i løyvet. Det er dermed frigjort plass slik at bilvrak kan lagrast inne. Drifta er endra slik at trevirke ikkje vert lagra over to månader. Det er vidare opplyst at det er sendt søknad om endring av løyvet til å omfatte kverning av næringsavfall. Verksemda opplyste på tilsynet 13. oktober 2020 at søknaden ikkje var sendt ved ein feil, og at den ville bli sendt så snart som mogleg. Fylkesmannen kan framleis ikkje sjå at vi har mottatt søknaden.

Verksemda har prosjektert/under planlegging fleire tiltak for å tilfredsstille krav til tak og vegger:

- nytt takoverbygg over forureina massar er forventa klart hausten 2020. I kommentar til opprinneleg tilsynsrapport opplyser verksemda at på grunn av Covid 19 er ny dato våren 2021.
- nytt bygg for omlasting av våtorganisk avfall er forventa klart 01.10.2020. I kommentar til opprinneleg tilsynsrapport opplyser verksemda at på grunn av Covid 19 er ny dato våren 2021.
- i tillegg 4 nye takoverbygg i løpet av 2020 og 2021. I kommentar til opprinneleg tilsynsrapport opplyser verksemda at på grunn av Covid 19 er ny dato våren 2021 da blir 3 tak bygd våren 2021, og det siste 2023.

Det er vist til at fleire veggar i sorteringshall er utbetra/tetta meir etter tilsynet, og at risikovurdering viser at bygningen for sortering ikkje gir større risiko. Det er vist til at det er sendt søknad om endring av løyvet, men Fylkesmannen kan ikkje sjå at vi har mottatt denne. Avløp i sorteringshallen er stengt av.

Det er også opplyst om tiltak for å sikre at asbest og EE-avfall vert lagra i tråd med krav i løyvet og at store delar av asfaltdekket er utbetra i 2020.

I tilbakemeldinga på punktet som gjeld program for utsleppskontroll er det informert om drift av oljeutskillarar, og vist til at verksemda ønsker felles krav til overvatn for alle aktørar for å sikre samhandling. Fylkesmannen viser til punkt 13.4 i løyvet om krav til innhald i program for utsleppskontroll. Miljødirektoratet har også rettleiing om utsleppskontroll på sine nettsider, sjå https://www.miljodirektoratet.no/naringsliv/industri/forventninger-til-industriens-utslippskontroll/. Denne delen av avviket er ikkje retta, og vi har derfor ført det opp på nytt i rapporten etter tilsynet 13. oktober 2020.

Vi viser til merknadane over og føreset at verksemda gjennomfører tiltaka som er omtalt i tilbakemeldinga. Vi tar elles tilbakemeldinga til orientering.

Fylkesmannen avsluttar tilsynet hausten 2019.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Forureiningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging
- Forskrift om farleg stoff